



Det kongelige landbruks- og matdepartement
postmottak@lmd.dep.no

Saksnr	Løpenr.	Saksansvarleg	Arkiv	Dato
2015/433	5736/2015	SKAARA	V45	23.04.2015

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 21.4.2014, sak 44/15

HØYRING: NORSK PELSDYRHALD - BÆREKRAFTIG UTVIKLING ELLER STYRT AVVIKLING?

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 21.04.2015

VEDTAK:

1. Ørsta kommune ser på pelsdyrhald som eit viktig bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i kommunen. For Norangdalen i Ørsta er pelsdyrhaldet avgjerande både for gardsdrift og busetjing.
2. Pelsdyrhaldet bidreg til å løyse eit avfallsproblem for næringsmiddelindustrien ved bruk av restar frå kjøt- og fiskeforedling som før.
3. Kommunen sitt kjennskap til næringa er dyktige farmarar som set krava til dyrevelferd høgt. Vi ser likevel utfordringane som er knytt til dyrevelferd i pelsdyrhaldet, og føreset at ein gjennom forsking, skjerpa regelverk, betre dokumentasjon og hyppigare kontroll oppnår stadig betre velferd for pelsdyra.
4. Kommunen sluttar seg til fleirtalet i Pelsdyrutvalet (NOU 2014:15) og stør ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i Noreg.

Handsaminga(9 r.f.)

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 9 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak: 2015/433

Løpenr.: 5409/2015

Utvaksnsnr.	Utval	Møtedato
	Ørsta landbruksnemnd	
	Ørsta formannskap	24.03.15

Saka gjeld: **HØYRING: NORSK PELSDYRHOLD - BÆREKRAFTIG UTVIKLING ELLER STYRT AVVIKLING?**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

1. Ørsta kommune ser på pelsdyrhald som eit viktig bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i kommunen. For Norangdalen i Ørsta er pelsdyrhaldet avgjerande både for gardsdrift og busetjing.
2. Pelsdyrhaldet bidreg til å løyse eit avfallsproblem for næringsmiddelindustrien ved bruk av restar frå kjøt- og fiskeforedling som før.
3. Kommunen sitt kjennskap til næringa er dyktige farmarar som set krava til dyrevelferd høgt. Vi ser likevel utfordringane som er knytt til dyrevelferd i pelsdyrhaldet, og føreset at ein gjennom forsking, skjerpa regelverk, betre dokumentasjon og hyppigare kontroll oppnår stadig betre velferd for pelsdyra.
4. Kommunen sluttar seg til fleirtalet i Pelsdyrutvalet (NOU 2014:15) og står ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i Noreg.

Utskrift:

Det kongelige landbruks- og matdepartement, postmottak@lmd.dep.no

Saksprotokoll i Landbruksnemnda - 24.03.2015

VEDTAK:

1. Landbruksnemnda i Ørsta ser på pelsdyrhald som eit viktig bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i kommunen. For Norangdalen i Ørsta er pelsdyrhaldet avgjerande både for gardsdrift og busetjing.
2. Pelsdyrhaldet bidreg til å løyse eit avfallsproblem for næringsmiddelindustrien ved bruk av restar frå kjøt- og fiskeforedling som før.
3. Nemnda sitt kjennskap til næringa er dyktige farmarar som set krava til dyrevelferd høgt. Vi ser likevel utfordringane som er knytt til dyrevelferd i pelsdyrhaldet, og føreset at ein gjennom forsking, skjerpa regelverk, betre dokumentasjon og hyppigare kontroll oppnår stadig betre velferd for pelsdyra.
4. Landbruksnemnda sluttar seg til fleirtalet i Pelsdyrutvalet (NOU 2014:15) og stør ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i Noreg.

Handsaminga (5 røysteføre)

Fellesframlegg om endring pkt. 2.:

2. Pelsdyrhaldet bidreg til å løyse eit avfallsproblem for næringsmiddelindustrien ved bruk av restar frå kjøt- og fiskeforedling som før.

Det vart røysta over endra tilråding og tilrådinga frå administrasjonen:

Tilrådinga med endring av pkt. 2 vart samrøystes vedteken.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

1. Landbruksnemnda i Ørsta ser på pelsdyrhald som eit viktig bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i kommunen. For Norangdalen i Ørsta er pelsdyrhaldet avgjerande både for gardsdrift og busetjing.
2. Pelsdyrhaldet utnyttar lokale ressursar, og bidreg til å løyse eit avfallsproblem for næringsmiddelindustrien ved bruk av restar frå kjøt- og fiskeforedling som før.
3. Nemnda sitt kjennskap til næringa er dyktige farmarar som set krava til dyrevelferd høgt. Vi ser likevel utfordringane som er knytt til dyrevelferd i pelsdyrhaldet, og føreset at ein gjennom forsking, skjerpa regelverk, betre dokumentasjon og hyppigare kontroll oppnår stadig betre velferd for pelsdyra.
4. Landbruksnemnda sluttar seg til fleirtalet i Pelsdyrutvalet (NOU 2014:15) og stør ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i Noreg.

Saksvedlegg:

1. Oversendingsbrev frå Fylkesmannen - høyring NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhald - bærekraftig utvikling eller styrt avvikling?, 29.01.2015
2. Høyring - NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhald - bærekraftig utvikling eller styrt avvikling?, Det kongelige landbruks- og matdepartement, 23.01.2015
3. NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhald side 1 – 14 og 112 – 114.

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Fylkesmannen har motteke NOU 2014: 15 om norsk pelsdyrhald. Fylkesmannen har vidaresendt høyringa til kommunane i fylket som har pelsdyrhald for fråsegn.

Landbruksnemnda i Ørsta gjorde vedtak i sak 20/15 i møte 24.03.15. Saka vert vidaresendt til formannskapet som gir uttale frå kommunen. Tiltråding til vedtak er vedtaket frå landbruksnemnda, men der ”landbruksnemnda” er endra til Ørsta kommune.

Saksopplysningar:

4.oktober 2013 vart det ved kongeleg resolusjon oppnemnt eit utval som skulle kome med ei offentleg utredning om norsk pelsdyrhald.

Utvalet har no lagt fram si utredning som har fått namnet: NOU 2014:15 ”*Norsk pelsdyrhald – bærekraftig utvikling eller styrt avvikling? Gjennomgang av pelsdyrnæringen*”.

Utredninga er sendt ut til ei rekke høyringsinstansar. Departementet ber instansane om å sørge for at desse formidlar den vidare til andre aktørar som er relevante.

Fylkesmannen har difor vald å sende den ut til alle kommunane kor det vart søkt om tilskot til avløysing i landbruket for pelsdyrhald i januar 2014. I Møre og Romsdal er det kommunane Vanylven, Ørsta, Gjemnes, Tingvoll, Surnadal, Rindal og Aure.

Fristen for å kome med fråsegn er sett til 27.april 2015.

Utredninga er eit omfattande dokument på 150 sider. Dokumentet er delt inn i følgjande delar:

- Del I) Mandat, utvalg og sammendrag*
- Del II) Historikk, næringen i dag, rammevilkår og naturmangfold*
- Del III) Motstand, etikk og dyrevelferd*
- Del IV) Alternativer for pelsdyrnæringens framtid i Norge*

Rapporten fortel at eit fleirtal på fem går inn for ei bærekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i Noreg, medan eit mindretal på tre ynskjer ei styrt avvikling. Eitt medlem valde å ikkje ta stilling.

Pelsdyrhaldet i Noreg starta for om lag 100 år sidan, og på landsplan var det i 2014 277 bruk med rev, mink eller begge deler.

Internasjonalt har Noreg 3% av produksjonen på rev og 1% på mink.

Norske skinn vert omsett på internasjonale auksjonar til verdsmarknadsprisar. Etter 2011 har nettoverdien av den norske pelsskinnproduksjonen vore på over 300 millionar kroner i året, og sysselsetjinga er rekna til om lag 450 årsverk. Næringa får årleg 35 millionar kroner i tilskot frå staten. Det er tilskot til frakt av fôr, tollfritak til førråvarer, avløysartilskot, tilskot til avlsarbeid og investeringsstøtte.


Eit hovudpunkt i rapporten er drøfting av etiske spørsmål. Dei sentrale spørsmåla er om det i det heile kan forsvaret å halde pelsdyr for å produsere pels, og om dyrevelferda er god nok. Det er framleis utfordringar i dagens pelsdyrhald. Det gjeld særleg dyra sine moglegheiter for naturleg utforsking og aktivitet, og tillit til menneske.

Utalet peikar på at det er opp til næringa sjølv å styrke konkurransekrafta. Pelshandel føregår på verdsmarknaden og norsk pelsdyrnæring har rammeverk som gjer dei konkurransedyktige og eit regelverk som ikkje skal hindre lønsemd. Dyrevelferda kan bli betre gjennom å utvikle nye driftsformer som erstattar dagens bur, og som betre tilfredsstiller dyra sine naturlege instinkt. I tillegg kan systematisk avl på meir tillitsfulle dyr, betre dokumentasjonssystem og meir forsking bidra til å styrke dyrevelferda og dermed også legitimitet.

Alternativet *styrt avvikling* vil måtte bety omstilling til anna landbruksproduksjon for dei som i dag driv med pelsdyr. Utalet konkluderer med at mogleheitene for det vil variere rundt om i landet. Det er uklart om eit forbod mot pelsdyrhald vil medføre at staten får erstatningsplikt overfor dei pelsdyrhaldarane som då må slutte. Pelsdyrutvalet rår til at eit eventuelt forbod vert kombinert med ein form for kompensasjon.

Mindretallet meiner at utfordringane innan dyrevelferd for pelsdyr er for store, og at nytten av pels ikkje er stor nok til at ein kan forsvare ein produksjon der det vert stilt spørsmål ved dyrevelferda. Mindretallet går difor inn for styrt avvikling av pelsdyrhaldet.

Tal frå Ørsta:



Vurdering og konklusjon:

Det var i 2014 15 aktive pelsprodusentar i Møre og Romsdal, som til saman hadde 2 700 mink og 2 500 rev. Avskalinga har vore stor då det i 2004 var 52 pelsdyrhaldarar i fylket.

7 av dei 15 aktive farmane høyrer heime i Ørsta kommune. Ørsta har og har hatt eit aktivt pelsdyrmiljø. 5 av dei 7 aktive farmane i kommunen er på gardsbruk i Norangdalen. Her har ein hatt eit sterkt og aktivt pelsmiljø i lang tid. Om ein går 50 år attende i tid var her pelsdyr på om lag 14 av 21 gardsbruk. Gardsbruka ligg indst i ein fjord der ein har hatt vanskår med å kombinere gardsdrifta med anna arbeid. Både vegane ut av området er rasutsette vinterstid i tillegg til at ein er avhengig av ferje. Dei fleste har difor basert drifta på mjølkeproduksjon og pelsdyr og slik sett hatt gardsdrifta som eineyrkje. Ein har hatt to føter å stå på.

Mjølkeproduksjonen har gitt stabil inntekt medan pelsinntektene har svinga med

verdsmarknaden. Ein visste at det ville kome gode år og dårlagare år. Bruka har avgrensa arealressursar og er under snittet i storleik. Dei kan difor ikkje kompensere bortfall av pels med auka mjølkeproduksjon.

Trykket på norsk pelsdyrhald har vore usedvanleg stort, og ein toler ikkje stort fleire negative oppslag i media. Regleverket for dyrevelferd strengt, og Mattilsynet har hyppige tilsyn. Farmane har stadig vore gjennom fornying ut frå dei krav som vert sett. Det er naudsynt at ein og vidare kontinuerleg jobbar for å heve kvaliteten på dyrevelferda, gjennom forsking, skjerpa krav, betre dokumentasjon og kontroll.

Ei avvikling av pelsdyrproduksjonen i Noreg vil vere dramatisk for farmarane i Ørsta og då særleg miljøet i Norangdalen. Ei avvikling her kan rive føtene bort unna dei attverande brukar og true eksistensen for bygda.

Det er også viktig å få fram at pelsdyrnæringa omset mykje problemavfall frå fiskeindustri og slakteri, som før til dyra.

For pelsdyrnæringa i Ørsta er det avgjerande at ein fyl tilrådinga frå fleirtalet i utvalet og går for ei berekraftig utvikling av næringa.

Heile NOU 2014:15 finn ein her: <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/nou-2014-15/id2353568/?ref=search&term=>

Ørsta, 15.04.2015


Wenche Solheim
rådmann

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

